

# Styrevedtekter

Styret for Fagskolen Vestland

**Vedteke av fylkestinget 14.12.2021**

Erstattar:

Styrevedtekter av 17.12.2019

Styret for Fagskolen i Hordaland, Styret for Fagskolen i Sogn og Fjordane

Lovheimel: Lov 8. Juni 2018 nr. 28 om høyere yrkesfaglig utdanning

## 1. STYRET SIN LEGITIMITET, VIRKEOMRÅDE, SAMANSETNING OG OPPNEMNING

### §1-1 Lovgrunnlaget – relasjonen mellom skuleeigar og styret

1. Fagskular er underlagt lov om høgare yrkesfagleg utdanning (fagskulelova) med forskrifter samt andre aktuelle lover, forskrifter og reglement som gjeld for offentlege verksemdar i fylkeskommunen.
2. Vestland fylkeskommune ved fylkestinget er den formelle eigar av Fagskulen Vestland. Fylkestinget treff vedtak som skuleeigar om ikkje anna følgjer av lov eller delegasjonsvedtak.
3. Fagskulelova §§ 9 og 10 stadfester at fagskular skal ha eit styre som øvste ansvarlege styringsorgan med minst sju medlemar.
4. Skuleeigar (fylkestinget) utøvar eigarskap på følgjande måtar
  - a. Val av styremedlemar og eventuelt avsetting av styret
  - b. Finansiering
  - c. Styret sine vedtekter
  - d. Målstyring gjennom kompetansepolitikk og tilskotsforvaltning
5. Fylkesdirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjeringsrett overfor styret eller rektor ved fagskulen så lenge utøvinga av virket er i tråd med styret sin kompetanse.
6. I saker der styret eller rektor ikkje har kompetanse kan fylkesdirektøren instruere styret og rektor om at eit vedtak ved fagskulen ikkje skal iverksetjast før fylkestinget har handsama saka.
7. Fylkesdirektøren skal førebu saker som skal handsamast av fylkestinget. Styret ved fagskulen skal ha høve til å gje uttlae før fylkestinget skal handsama saka. Styret sitt vedtak skal sendast til fylkestinget via fylkesdirektøren.

### § 1-2 Samansetning og oppnemning av styret

1. Styret vert oppnemnt av fylkestinget og skal ha 9 medlemar. Jf. fagskulelova § 10 første ledd skal to av medlemane ha bakgrunn frå relevant arbeids- eller næringsliv; minst ein medlem skal vere valt av og blant dei tilsette, og minst ein medlem skal vere valt av og blant studentane. Det skal veljast personlege varamedlemar for medlemane som er valt av dei tilsette og studentane. Det skal vere minst ein varamedlem for medlemane frå arbeids- eller næringsliv, og minst ein varamedlem for dei andre medlemane.
2. Fylkestinget vel leiar og nestleiar, eigarrepresentantar og arbeids- eller næringslivsrepresentantar. Eigarrepresentantar vert valt for fire år, og arbeids- eller næringslivsrepresentantar vert valt for to år med moglegheit for forlenging av fylkesutvalet. Jf. fagskulelova § 10 vert tilsett- og studentrepresentant valt av og blant tilsette og studentar. Tilsettrepresentant vert valt for to år, og studentrepresentant vert valt for eitt år. Styremedlemar kan veljast igjen.
3. Ved val av styremedlemar gjeld likestillings- og diskrimineringslova § 28 innan den einskilde valkrets.
4. Styret for Fagskulen Vestland skal ha følgjande samansetning:

- a. Fire representantar frå det regionale folkevalde nivået, der ein representant vert valt frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein representant frå hovudutval for næring, og med to varamedlemar.
  - b. Ein representant frå fylkesadministrasjonen representert ved avdelingsdirektør for innovasjon og næring med ein varamedlem.
  - c. To representantar frå partane i arbeidslivet ved LO og NHO med ein varamedlem etter framlegg frå fylkesdirektøren.
  - d. Ein representant frå dei tilsette ved fagskulen med ein personleg vara valt av dei tilsette ved fagskulen.
  - e. Ein representant frå studentane ved fagskulen med ein personleg vara valt av studentane ved fagskulen.
5. Rektor kan ikkje vere medlem av styret.

### § 1-3 Vedtaksført styre og gjennomføring av styremøte

1. Styret kan fatte vedtak når meir enn halvparten av medlemmane eller tilsvarande mange varamedlemar er til stades og avgjev stemme. Vedtak vert fatta med alminneleg fleirtal om ikkje anna er fastsett i fagskulelova i høve til einskilde saker. Ved likt tal på stemmer avgjer møteleiar med dobbelstemme.
2. Styremøta vert leia av styreleiar. Om ikkje styreleiar er til stade utpeikar styret ein møteleiar (jf. fagskulelova § 11 tredje ledd).
3. Styret vert kalla inn av styreleiar eller når minst to styremedlem krev det.
4. Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal godkjennast av styreleiar før den vert publisert og godkjennast av styret i det påfølgjande møtet.
5. Styremedlemane er omfatta av arbeidsvilkår for folkevalde og får møtegodtgjersle jf. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune.
6. Rektor har ansvar for sekretariatsfunksjonen for styret og har møte- og talerett i styret.
7. Avdelingsdirektør for opplæring og kompetanse er observatør i styremøta og har møte- og talerett i styret.

## 2. STYRET SITT MYNDE, ANSVAR OG OPPGÅVER

### § 2-1 Mynde

1. Styret har mynde til å treffe vedtak i alle saker som gjeld fagskulen innanfor styret sin kompetanse.
2. Ein fagskule skal ha ein rektor, og styret sjølv skal tilsette rektor. Rektor skal ha naudsynt fag- og leiarkompetanse. Studentane og dei tilsette skal høyrast før rektor vert tilsett.

Om ei avgjerd i ei sak ikkje kan vente til styret kan kome saman i møte kan rektor ta

avgjerd i saka. Styret kan også gje rektor fullmakt til å avgjere saker som ikkje bør utsettast til neste styremøte jf. fagskulelova § 12.

Styret har det fulle faglege oppfølgingsansvar for rektor og fagskulen. Fylkesdirektøren gjev naudsynt administrativ støtte i personalforvaltninga for styret og rektor, og ivaretek det administrative personalansvaret for rektor. Personalforvaltninga ved fagskulen skal vere i tråd med fylkeskommunen sin personalpolitikk.

Rektor er ansvarleg for den daglege drifta av fagskulen. Rektor er underordna styret og skal følge dei retningslinjene og pålegga som styret gir. Rektor har det løpande personalansvaret for fagskulen, inkludert tilsettingar og tenestelege reaksjonar.

Dagleg leing er ikkje omfatta av saker som er av uvanleg art eller av stor tyding for føretaket.

3. Styret sjølv skal fatte vedtak om at det etter styret sitt skjønn er forsvarleg å ta opp nye studentar. Vedtaket skal fattast før studiestart jf. fagskulelova § 9 andre ledd.
4. Styret kan delegere avgjersler til andre ved fagskulen dersom det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak jf. fagskulelova § 9 fjerde ledd.
5. Styret skal gje forskrift om opptak, eksamen, prøver og anna arbeid, samt disiplinære sanksjonar, reglar for skikkavurdering og reglar for klagehandsaming i tråd med fagskulelova og forskrift om høgere yrkesfaglig utdanning.
6. Fagskular skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager over skulen sine enkeltvedtak. Styret kan bestemme at den lokale klagenemnda også skal handsame og gjere vedtak i saker etter §§ 23 til 27 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker. Avgjerd om opptak, fritak, godskriving, avsluttande vurdering, skikkavurdering, bortvisning, utestenging, annullering av eksamen og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

## § 2-2 Ansvar og oppgåver

1. Styret skal sjå til at fagskulen vert drifta i samsvar med lover og forskrifter, fagskulen sitt føremål og vedtekter, samt fylkeskommunen sin økonomiplan og årsbudsjett. Ressursane skal nyttast effektivt og i samsvar med gjeldande reglar, føresetnader og god skikk.
2. Styret skal bidra til å leggje premissane og utforme strategi for utviklinga av fagskuleutdanninga innafør dei mål og rammer som gjeld for fagskulen.
3. Styret skal sikre at fagskuleutdanningane held høg kvalitet, og at studentane får gode utdanningsvilkår.
4. Fagskulen Vestland skal i samarbeid med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemdar vere ein regional utviklingsaktør med fleksibilitet i tilbodsstruktur og utdanningstilbod.
5. Styret er, jf. fagskulelova § 9, a) og b), økonomisk og juridisk ansvarleg for all fagskuleutdanning. Styret er også økonomisk og juridisk ansvarleg for kursverksemd

som vert tilbydd av fagskulen, og for å sikre at eigedom vert disponert i samsvar med gjeldande regelverk.

6. Rektor skal minst to gongar i året rapportere til styret om utviklinga i inntekter og utgifter i høve til fagskulen sitt årsbudsjett. Om utviklinga tilseier vesentlege avvik frå årsbudsjettet skal rektor føreslå endringar i dette. Styret skal endre årsbudsjett når det er naudsynt for å fylla krava til realisme og balanse innanfor tildelt økonomisk ramme jf. Kommunelova § 14-4.
7. Styret skal gjennom budsjettåret, som ein del av fylkeskommunen sin rekneskapsrapportering til fylkestinget, rapportere til fylkesdirektøren.
8. Styret skal leggje fram årsrekneskap med resultat og framlegg til budsjett for komande år til fylkestinget.
9. Styret skal utarbeide og leggje fram ei årsmelding for fylkesutvalet kvart år. Årsmeldinga skal gå vidare som melding til fylkestinget seinast innan juni. Styreleiar skal i samband med årsmeldinga orientere fylkestinget om utviklinga ved fagskulen.
10. Styret representerer fagskulen utad og inngår avtalar på vegner av fylkeskommunen innanfor føretaket sitt føremål. Styret kan ikkje inngå avtalar som går utover styret sitt mynde eller dei økonomiske rammene for fagskulen. Styret kan delegere representasjon til ein skilde medlem i styret. Rektor representerer fagskulen utad i saker innanfor rektor sitt mynde jf. § 2-1 punkt 3.

## § 2-2 Styret sitt ansvar for fagskuleutdanninga

1. Styret skal jf. fagskulelova § 9:
  - a. Sørgje for at studentane får den utdanninga som fagskulen har akkreditering for
  - b. Sørgje for at alle vilkår for eventuelle offentlege tilskot er oppfylt
  - c. Sørgje for at opplysningar som vert gjeve til NOKUT, studentar og dei som søker utdanning er korrekte og fullstendige
  - d. Sørgje for at det vert gjeve naudsynt informasjon og rettleiing til søkjarar og studentar ved fagskulen, mellom anna om kostnader knytt til utdanninga, studietilbod, søknadsfristar og opptakskrav.
  - e. Bestemme krav til lærarkompetanse, instruktørkompetanse og leiinga ved fagskulen.
  - f. Sørgje for at verksemda vert drifta i samsvar med gjeldande lover og regler, og etablere og sørgje for gjennomføring av systematiske kontrolltiltak (internkontroll) for å sikre dette.
2. Styret kan delegere sitt mynde til andre ved fagskulen om det ikkje følgjer av fagskulelova at styret sjølv skal fatte vedtak.
3. Styret har det overordna ansvaret for studentane sitt læringsmiljø. Styret skal, i samarbeid med studentorgana, legge til rette for eit godt og inkluderande læringsmiljø.